



DET KONGELEGE
FORSVARSDPARTEMENT

Prop. 78 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 15. april 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp to nye investeringsprosjekt og endre kostnadsramma på eit tidlegare godkjent prosjekt.

Utgangspunktet for godkjenning av investeringsprosjekta i Forsvaret er dei årlege budsjettproposisjonane (Prop. 1 S). Denne proposisjonen fyller såleis ut budsjettproposisjonen.

Dei investeringsprosjekta som proposisjonen omtalar er alle i samsvar med inneverande langtidspan for forsvarssektoren, og ligg også inne i forslaget til ny plan for den komande fireårsperioden.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for eit nytt materiellprosjekt: *Prosjekt 5007 – artillerilokaliseringssadar*.
- Godkjenning av kostnadsramme for eit nytt eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt: *Ørland – utbetring av taksebanane Y og A4-A7*.
- Endring av kostnadsramma for eit tidlegare godkjent eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt: *Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly*.

2 Nye materiellprosjekt for godkjenning

2.1 Prosjekt 5007 – Artillerilokaliseringssadar

Hæren har i omkring 60 år hatt ein kapasitet til å varsle om og lokalisere fiendtlege bombekastarar, røy- og raketartilleri og andre trugslar som til dømes rakettar avfyrt frå improviserte utskytingsinnretningar. Denne kapasiteten vert omtala og nemnd som ein artillerilokaliseringssadar.

Den fyrste radaren vart anskaffa som ein del av den amerikanske våpenhjelpa på 1950-talet. Denne vart avløyst av neste generasjon radar i 1975. Den eksisterande, og tredje generasjon radar, vart teke i bruk i Hæren på slutten av 1990-talet. Radarane, totalt 12 stk., har nådd sin teknologiske levealder og er mogne for utskifting. Fleire av komponentane har gått ut av produksjon og er ikkje mulig å få tak i. Vidare er det av omsyn til sikkerheita til menneskapa naudsynt å integrere ein ny radar på ei pansra køyretyplattform.

Stortinget har vedteke at eit artillerisystem skal vere ein del av Hæren sin framtidige struktur, jf. Innst. 50 S (2017–2018) til Prop. 2 S (2017–2018) *Videreutviklingen av Hæren og Heimevernet*. Hausten 2017 vart det difor fremma eit prosjekt for Stortinget si godkjenning om kjøp av eit artillerisystem til Hæren, og ein kontrakt med ein sør-koreansk leverandør vart inngått i desember same året. Dei fyrste leveransane kom i desember 2019.

Ein artillerilokaliseringssradar er tett innvevd med eit artillerisystem, og radaren er ein viktig føresetnad for å oppnå ei effektiv eldstøtte frå eit artillerisystem. Radaren gjev Hæren kapasitet til å lokalisere skytande fiendtlige våpensystem hurtig og nøyaktig og svare med moteld.

Prosjektet skal anskaffe fem artillerilokaliseringssradarar med tilhøyrande pansra køyrety, logistikk og materiell for utdanning. Leveringa er planlagt å finne stad innan 2024.

Det nye systemet vil kunne gje støtte til operasjonar nasjonalt og internasjonalt, og aukar operativ tilgjengelegheit og evne. I tillegg sit personalet beskytta i et pansra køyrety, noko som minskar behovet for mannskap til vakthald og sikring.

Anskaffinga av det nye radarsystemet vil bli gjennomført med konkurranse mellom fleire leverandørar.

I samband med anskaffinga vil det bli stilt krav om at det vert inngått ei avtale om forsvarsindustrielt samarbeid med leverandøren innan hovudkontrakten vert signert. Ein avtale om industri-samarbeid skal minst ha ein tilsvarande verdi som hovudkontrakten. Forsvarsdepartementet vil fylgje nøye opp at avtalen vert oppfylt.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet i samsvar med retningslinene frå Finansdepartementet. Resultata frå kvalitets-sikringa ligg til grunn for den tilrådde kostnadsramma – med to unntak. Kostnadsramma er basert på ei analyse som berre inkluderer dei leverandørane som vert vurdert å oppfylle krava til yting, og som samstundes har eit prisestimat som ligg innanfor prosjektet sitt styringsmål. I tillegg gjeld det ei såkalla avgift for gjenkjøp som ikkje er dokumentert. Forsvarsdepartementet vil følge opp dei usikkerheitsreducerande tiltaka som ekstern kvalitetssikrar har tilrådd.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 1 502 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for usikkerheit. Prosjektet si styringsramme vert sett til 1 252 mill. kroner medrekna meirverdiavgift.

3 Nye eige-doms-, bygge- og anleggsprosjekt for godkjenning

3.1 Ørland – Utbetring av taksebanane Y og A4-A7

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012) til Prop. 73 S (2011–2012) at Ørland flystasjon skulle utviklast som framtidig

kampflybase. Ved årsskiftet 2017/2018 vart det gjennomført kjerneboringar av taksebane Y ved Ørland flystasjon. Boringane viste at underliggjande asfaltlag hadde skader etter bruk av kjemikalier for avising av banedekket over mange år. Kvaliteten på eksisterande asfaltdekke gjev difor ein auka risiko for sprekkdanning og at asfaltflak kan losne og føre til skade på flya. I tillegg er eksisterande lys langs taksebanane mogne for utskifting grunna elde.

Prosjektet omfattar utskifting av asfaltdekke på taksebanane Y og A4-A7 med etablering av ny lyssetjing langsmed taksebanane. Samstundes vil ein rette opp eit avvik på eksisterande tverrfall for vatnavrenning på taksebane Y og etablere betongfundament for flytting av dei mobile bremsewire-systema (*Runway arresting gear - RAG*) ut av tryggingssona langs taksebane Y. I tillegg skal prosjektet utvide den effektive banebreidda til taksebane Y frå 22,5 meter til 33 meter og auke berevna til tryggingssområdet langs taksebane Y til å møte krava til naudrullebane/reserverullebane i samsvar med *NATO criteria and standards for air-fields*. Dette vil betre flystasjonen sin evne til å gjennomføre luftoperasjonar både med nasjonale flystyrkar og allierte forsterkingsstyrkar. I tillegg vil ein ha ein rullebane tilgjengeleg dersom hovudrullebanen må stenge ned, til dømes ved større vedlikehald.

Den tilrådde kostnadsramma for prosjektet er 598 mill. kroner medrekna meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for usikkerheit. Prosjektet si styringsramme vert sett til 530 mill. kroner medrekna meirverdiavgift.

4 Endring av tidlegare godkjente eige-doms-, bygge- og anleggsprosjekt

4.1 Evenes – fasilitetar for maritime patruljefly

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Innst. 346 S (2018–2019) til Prop. 60 S (2018–2019) etablering av fasilitetar for dei nye maritime patruljefly på Evenes flystasjon. Prosjektet vart godkjent med ei kostnadsramme på 1 800 mill. kroner medrekna innreiing, meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetjing for uvise med eit kostnadsnivå pr. 1. juli 2019. Prisjustert til kostnadsnivå pr. 1. juli 2020 er kostnadsramma 1 842 mill. kroner.

Byggeprosjektet inneber etablering av ein hangar med plass for tre maritime patruljefly (P-8A),

der to plassar er knytte til vedlikehald og ein til vask av flya. Vidare inneheld prosjektet administrative fasilitetar både for flyskvadronen og vedlikehaldsskvadronen, ulike verkstadfasilitetar for P-8A, teknisk lager og verkstad- og lagerfasilitetar for bakkeutstyr og redningsutstyr. I tilknytning til desse fasilitetane vert det etablert tre plassar for oppstilling for P-8A, plattform for lasting av ammunisjon og utandørs spyleanlegg for flya.

Fasilitetane skulle lokaliserast på ein kompakt måte på Forsvaret sin eigendom heilt sør på Evenes flystasjon parallelt med og på vestsida av eksisterande rullebanen. Det vart gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av prosjektet i samband med godkjenninga i 2019. Ekstern kvalitetssikrar konkluderte i sin rapport at prosjektet kunne vidareførast i samsvar med forprosjektet.

Ved handsaminga av prosjektet i Stortinget vart plasseringa av hangaren til dei maritime patruljeflya særskilt diskutert. Avinor og Forsvarsbygg hadde då starta arbeidet med å finne ein betre plassering av hangaren som korkje gav turbulens mot rullebanen eller gjorde det naudsynt med restriksjonar for den sivile lufttrafikken ved Evenes lufthamn. Dei fyrste analysane synte at ei dreining av hangaren ville vere gunstig.

Sumaren og hausten 2019 vart det gjennomført nye analysar av turbulenspåverknaden frå hangaren. Ekstern kvalitetssikrar leverte i september 2019 ein ny rapport, der ein såg nærare på både den opphavlege plasseringa av hangaren parallelt med rullebanen og eit alternativ der hangaren vart dreidd slik at han låg parallelt med utfordrande vindretning. Rapporten synte at påverknaden frå vind vart vesentleg redusert ved ei dreining av hangaren. Ekstern kvalitetssikrar skreiv i sin konklusjon at det «dreidde» alternativet ville auke risikoen monaleg for at prosjektet ikkje kunne gjennomførast innanfor gjeldande kostnadsramme. I tillegg ville prosjektet ferdigstiltast 4–6 månader seinare enn opphavleg planlagt. Den etterpåfølgande risikoanalysen frå Avinor med støtte frå dei sivile flyoperatørane synte fortsatt at risikoen for uynskte hendingar ved landingar på Evenes lufthamn var for høg.

Som ein følge av risikovurderinga vart det utarbeidd ulike variantar av det «dreidde» alternativet som inneber ei flytting av hangaren omlag 300 meter sørover og litt vestover. Avinor sendte i desember sine tilrådingar for ei lokalisering av hangaren til Luftfartstilsynet. Luftfartstilsynet godkjende lokaliseringa av den nasjonale P-8-hangaren med tilhøyrande operative flater i februar 2020.

Ei flytting av den godkjende løysinga for hangarutbygginga på Evenes 300 meter sørover frå den opphavlege plasseringa vil gje auka behov for taksebanar frå rullebanen og ned til det nye området. I den opphavlege plasseringa parallelt med rullebanen vart det lagt til grunn at dei operative flatene i liten grad trong bruk av kjemikaliar for baneavising. I den nye løysinga vil avrenning til omgjevnadane kunne ha innverknad på det meir sårbare naturverneområdet sør for flyplassen. Etter ei miljømessig vurdering synes ei avrenning frå dei operative flatene i den nye løysinga i større grad å kunne ha innverknad på det meir sårbare RAMSAR-området sør for flyplassen. Etter dialog mellom Forsvarsbygg og miljøstyremaktene (Fylkesmannen i Nordland) ser ein det er formålstenleg å etablere ei betre og meir robust løysing for å handtere overflatevatn og baneavisingkjemikaliar enn tidlegare prosjektert. Dette kostar også meir enn tidlegare rekna med. I tillegg gjev lokaliseringa auka kostnadar til massehandtering.

Det er gjennomført ein analyse av konsekvensar for kostnadar og tid av det nye alternativet som inneber at hangaren vert flytta 300 meter samanlikna med den plasseringa som opphavleg var føresett i prosjektet. Arbeidet med å finne ny lokalisering av hangaren til dei maritime patruljeflya inneber ferdigstilling sumaren 2023, mot sumaren 2022 slik det opphavleg var planlagt. Forsvarsdepartementet tilrår at kostnadsramma for prosjektet vert auka til 2 400 mill. kroner medrekna innreiing, meirverdiavgift, gjennomføringskostnadar og ei avsetning for usikkerheit. Styringsramma for prosjektet er 2 000 mill. kroner.

Forsvaret planlegg å ta i bruk P-8 frå ei mellombels løysing på Evenes frå 1. kvartal 2022 for å starte trening og øving av besetningane så tidleg som mogeleg. Det er ei nødvendig åtgjerd for å halde den operativ evna oppe så mykje som mogeleg i overgangen mellom gammal og ny flytype. For å klare dei operative leveransane med dei nye maritime patruljeflya er det viktig at den permanente fasiliteten står klar sumaren 2023.

Investeringskostnaden for utbygginga på Evenes er, inkludert kostnadsauken for hangaren til P-8A, berekna til 4 980 mill. 2020-kroner. Totalkostnaden er såleis innanfor den berekna verdien (p85) på 5,08 mrd. 2020-kroner som Stortinget tidlegare er informert om ved oversending av konseptvalutgreinga for Evenes.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om investeringar i Forsvaret.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om investeringar i Forsvaret i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om investeringar i Forsvaret

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2020 kan starte opp nye investeringsprosjekt, og endre kostnadsramma på tidlegare godkjente prosjekt, medrekna større eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt, omtala i kapittel 2 *Nye materiell-*

prosjekt for godkjenning, kapittel 3 Nye eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt for godkjenning og kapittel 4 Endring av tidlegare godkjente eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt, i den framlagde proposisjonen, innanfor dei fastsatte kostnadsrammene.
